

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 11.11.2020  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Catherine Noraas  
**SAKA GJELD:** **Styret si eigenevaluering 2020**

**ARKIVSAK:** 2020/938

**STYREMØTE:** **09.12. 2020**

### Styret si eigenevaluering 2020

---

#### Oppsummering

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at styret for Helse Vest RHF og styra for helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i RHF-et.

#### Fakta

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteken i styremøte 22.juni 2011 – sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør er utfylt elektronisk av alle styremedlemmer i forkant av styrebehandlinga, og oppsummering er sendt ut til styremedlemmene i forkant av møtet.

Det er det same skjemaet som har blitt brukt alle år frå 2011. Dette for at ein vil følge utviklinga over tid.

Styret si eigenevaluering og vurdering av AD blir gjennomført i alle HF-a og AS innan desember 2020. HF-a må nytte utarbeidd mal for HF-a.

#### Kommentarar

Styret si eigenevaluering er gjennomført som ein elektronisk spørjeundersøking. Styret si gjennomgang og dialog om resultatet av spørjeundersøkinga inngår ikkje i styremøtet, men blir gjennomført i lukka møte i etterkant av styremøtet.

Oppsummering frå styret si eigenevaluering blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

#### Vedlegg:

Oppsummering - Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør, er sendt ut til styret. Vedlegget er u. off. jf. offentleglova § 14 første ledd.